

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - A20	17/367

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
	Kommunestyret	PS	

Tilstandsrapport for grunnskolen 2015-16

Vedlegg:

Journalposttittel

Tilstandsrapport-for-grunnskolen-2017 (6)

Dato

04.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskolen i Masfjorden for skuleåret 2015-16 og tek rapporten til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Denne tilstandsrapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10).

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte 11. desember 2014, sak 89/14 vedtak om at det vert innarbeidd nye lokale mål i neste tilstandsrapport.

Desse måla er ein del av den vedlagde rapporten.

Fakta

Tala i tilstandsrapporten er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Elevane sitt syn på læringsmiljøet kjem fram i elevundersøkelsen. Tala for fråfall i vidaregåande skule er henta frå statistikk som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd.

Vurdering

Rådmannen sine vurderingar kjem fram i tilknytning til kvart punkt i rapporten

Konklusjon

Tilstandsrapporten vert lagt fram for kommunestyret til drøfting.

Formannskapet - 038/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål. Strand hadde og ein presentasjon til politikarane i høve deltaking i prosjekt den gode barnehage- og skuleeigar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2015-16 og tek rapporten til orientering.